

Sakshandsamar:

Atle Skrede

E-post: atle.skrede@sfj.no

Tlf.: 41530716

Vår ref.

Sak nr.: 17/8114-17

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

40991/18

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 04.09.2018

Notat

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Jølster - søknad om fotballhall på Skei

Jølster kommune søker om 15 millionar i fylkeskommunal støtte til fotballhall på Skei (jf vedlagt søknad datert 28.mai og tilleggsopplysningar innkomne 12.sept). Anlegget er lagt i tilknytning til Skei barne- og ungdomsskule og Skei stadion ved å bygge hall over kunstgrasbane. I tillegg er det planlagt klatrevegg, løpebane og eit sett garderobar.

Hallen vert eigd av Jølster kommune, men kommunen og idrettslaget legg opp til ei driftsform basert på mykje dugnad av idrettslaget. Jølster kommune legg vekt på at hallen ligg midt i fylket og at om lag 60 000 innbyggjarar kan nå hallen i løpet av ein time.

Det vert i søknaden lagt vekt på at kroppøving og friminuttsaktivitet vert gjennomført i hallen og at rammevilkåra for fotballen i fylket vert styrka ettersom det vert høve til å spele fotball heile året. Fotballgruppa i Jølster IL utgjer 500 av laget sine 800 medlemmer. Det er i dag ingen idrettshallar i kommunen. Det vert planlagt å etablere idrettshall på 25 x 45 meter tilsvarande handballbane på Vassenden.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019 legg opp til at det er rom for å etablere inntil tre storhallar for fotball 64 x100 meter og at det kan etablerast to nye slike anlegg. Sognahallen i Sogndal er den einaste fotballhallen i fylket med denne storleiken. Det er også under planlegging stor fotballhall speleflate 64 x 100 meter i Flora.

Jølster kommune har søkt Førde kommune om tilskot på 2,2 mill kr for å få anlegget definert som interkommunalt anlegg. Dersom dette går i orden før 15.nov 2018, kan dei utløyse auka tilskot frå spelemlidane. Måla på speleflata på fotballhall på Skei oppfyller ikkje kravet til storhall. Dette vil kunne påverke nivået på spelemlidar. Vi ventar her på tilbakemelding frå Kulturdepartementet.

Søklar, anleggstype	Søknad om fylkeskommunal støtte	Kostnad	Regional plan	Spelemlidar	Tilleggsfunksjonar som kan søkje spelemlidar
Jølster kommune, fotballhall	15 000 000	53 411 000	Er ikkje prioritet i handlingsprogrammet, er plassert i langtidsprogrammet for vurdering etter 2020	6,5 – 9,1 mil kr inklusiv 30 % påslag i spelemlidar dersom 2,2 mill kr i investeringstilskot frå Førde kommune.	1 sett garderobar Løpebane Klatrevegg (1,5-1,8 mill kr)

Fylkesdirektøren ser positivt på at det vert lagt til rette for variert aktivitet i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne typen tiltak, og den økonomiske ramma til hovudutvalet gir heller ikkje rom for tilskot i den storleik det her er snakk om. Våre verkemiddel er fagleg rettleiing og spelemlidar. På den bakgrunn vil fylkesdirektøren tilrå at søknaden vert avslått.